



Nye yttervegger er ein viktig etappe under rehabiliteringa

**Rehabiliteringa av den eldste delen av skulen startar 1. april og skal vere fullført til skulestart til hausten.**

**Det skal gjennomførast ein komplett utvendig rehabilitering av fasadar, nytt golvbelegg i klasseomma, nytt skulekjøkken og noko mindre ombyggjingsarbeid**



[Rehabiliteringa skal fullførast til skulestarten til hausten](#)

Arbeidet må delast inn i to fasar for å kunne drifte skulen samstundes som det er byggjeaktivitet der. Det betyr at det vert stilt store krav til entreprenøren om planleggjing og sikring av arbeidet. Mellom anna skal det settjast opp eit 2 meter høgt rigg-gjerde.

Dette skal skje:

- \* **Riving av ytterveggane i fløy A**
- \* **Godkjent asbestsanering**
- \* **Oppføring av nye ytterveggar inklusive vindauge og inngangsparti i fløy A**
- \* **Nye klasseomsdører**
- \* **Nytt golvbelegg i klasserom**
- \* **Nytt skulekjøkken**
- \* **Diverse ombyggjingsarbeid**
- \* **Ny vaskesentral**

Prosjektet skal gjennomførast som totalentreprise og kontraheringa vil skje midt i mars. Det heiter i utlysinga av entreprisen at prosjektet har høg prioritet i kommunen men det vert teke atterhald om at tilboda som kjem inn er innanfor dei økonomiske rammene i prosjektet og vert politisk godkjent. Det vert teke forbehold om finansiering og endeleg politisk godkjenning før kontraheringa.

I anbudsbeferinga i januar var Uskedal Trelastlager, Sunde Bygg AS og INTO Elektro representert.

Planløyninga vert den same som no, men med ny innreieing og kvitevarer. Det elektriske opplegget vert også stort sett som i dag.

Øvste vindusrekkje i klasseromma skal fjernast og det vert '2 opningsvindauga i kvart klasserom. Fasaden mot vest skal kles inn og det skal monterast blandinggardiner i romma mot aust med motorstyring for kvart rom

Tekst, foto og NETT: Ola Matti Mathisen



Nytt golvbelegg i klasseomma er også med på rehabiliteringsplanen